Voss Energi

# Protokoll frå ordinær generalforsamling
# i
# Voss Energi AS

Torsdag 11. juni 2026
ved
Park Hotel Vossevangen

Torsdag 11. juni 2026 kl. 16:00 vart det halde ordinær generalforsamling i Voss Energi AS ved Park Hotel Vossevangen, Voss.

Til stades var:

Voss herad (eineaksjonær) ved ordførar Tonje Ljones Såkvitne.
Såleis var samtlege aksjar representert.

Frå styre og administrasjon:

Styreleiar Atle Neteland
Nestleiar Bjørg Djukastein
Styremedlem Unn Fauskanger
Styremedlem Thomas Hårklau
Styremedlem Morten Helgaset
Styremedlem Dag Arild Jensen
Adm. direktør Arne Tillung

Følgjande saker vart handsama:

## 1. Konstituering

Styreleiar Atle Neteland vart valt til møteleiar.
Ordførar Tonje Ljones Såkvitne vart vald til å underteikna protokollen saman med møteleiar.
Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 2. Styret si årsmelding for 2025.

Styret si årsmelding saman med rekneskapen var vedlagt møteinnkallinga. Det var ingen merknader til styret si årsmelding.

**Vedtak:**

**Generalforsamlinga godkjenner styret si årsmelding for 2025.**

Voss Energi

## 3. Rekneskap 2025 med framlegg til disponeringar.

Rekneskap for 2025 med framlegg til disponeringar saman med styret si årsmelding var vedlagt. Det var ingen merknader til rekneskapen og framlegg til disponeringar.

**Vedtak:**

**Generalforsamlinga godkjenner rekneskapen for 2025 med følgjande disponeringar av overskot etter skatt på kr 244.222:**

| | | |
|---|---|---|
| **Overført frå anna eigenkapital** | **kr** | **– 23.255.778** |
| **Avsett til Utbytte** | **kr** | **23.500.000** |
| **Sum overføringar** | **kr** | **244.222** |

## 4. Godkjenning av revisor si godtgjersle.

Styret har tilrådd at revisor si godtgjersle for 2025 vert godkjent etter rekning.

**Vedtak:**

**Generalforsamlinga godkjenner revisor, Cedra Norge AS, si godtgjersle for 2025 etter rekning.**

## 5. Fastsetting av styregodtgjersle 2026.

Saka vart lagt fram utan framlegg til vedtak frå styret.

**Vedtak:**

**Generalforsamlinga vedtek at satsane for styregodtgjersle 2026 skal vera:**

| | |
|---|---|
| **Styreleiar:** | **kr 134.000,- i årleg godtgjersle** |
| **Nestleiar:** | **kr 80.400,- i årleg godtgjersle** |
| **Styremedlem:** | **kr 40.200,- i årleg godtgjersle** |
| **Varamedlem:** | **kr 2.700,- pr. møte** |

## 6. Val.

Av det samla styret skal generalforsamlinga velja styreleiar, nestleiar, 2 styremedlemer og 2 varamedlemer.

Dei tilsette skal velja 2 styremedlemer og 4 varamedlemer.

Funksjonstida for følgjande medlemer går ut i år:

| | |
|---|---|
| Nestleiar: | Bjørg Djukastein |
| Styremedlem: | Thomas Hårklau |
| 1. varamedlem: | Knut Olav Nestås |
| 2. varamedlem: | Hilde Lussand Selheim |

Alle dei tilsette sine medlemer er på val i år.

**Vedtak:**

**Generalforsamlinga valde samrøystes følgjande medlemer til styret:**

| | |
|---|---|
| **Nestleiar:** | **Bjørg Djukastein, valt for 2 år (attval)** |
| **Styremedlem:** | **Thomas Hårklau, valt for 2 år (attval)** |
| **1. varamedlem:** | **Knut Olav Nestås, valt for 1 år (attval)** |
| **2. varamedlem:** | **Hilde Lussand Selheim, valt for 1 år (attval)** |

Av og mellom dei tilsette er følgjande valde:

| | |
|---|---|
| Styremedlem: | Morten Helgaset |
| Styremedlem: | Dag Arild Jensen |
| 1. varamedlem: | Håkon Bø |
| 2. varamedlem: | Rune Rønhovde |
| 3. varamedlem: | Anna Hjelmevoll |
| 4. varamedlem: | Jan Olav Opheim |

Det samla styret for Voss Energi AS vert såleis:

| | |
|---|---|
| Styreleiar: | Atle Neteland |
| Nestleiar: | Bjørg Djukastein |
| Styremedlem: | Unn Fauskanger |
| Styremedlem: | Thomas Hårklau |
| Styremedlem: | Morten Helgaset, valt av og mellom dei tilsette |
| Styremedlem: | Dag Arild Jensen, valt av og mellom dei tilsette |

| Varamedlemer: | Varamedlemer valt av og mellom dei tilsette: |
|---|---|
| 1. Knut Olav Nestås | 1. Håkon Bø |
| 2. Hilde Lussand Selheim | 2. Rune Rønhovde |
| | 3. Anna Hjelmevoll |
| | 4. Jan Olav Opheim |

Deretter vart generalforsamlinga heva.

Voss, 11.06.2026

| | |
|---|---|
| Tonje Ljones Såkvitne<br>ordførar | Atle Neteland<br>møteleiar |